Arkivref: 2015/1489 - 20884/2015
Saksh.: Hege Etterlid

STORD KOMMUNE

kristtornbyen

| Saksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 33/15 | Formannskapet | 11.11.2015 |
| 62/15 | Kommunestyret | 26.11.2015 |
| 20/15 | Rådet for funksjonshemma | 24.11.2015 |

# ÅRSBUDSJETT 2016, ØKONOMIPLAN 2016- 2019

**Framlegg til innstilling:**

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2016-2019 med desse endringane:
   …

2. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

3. a) I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav a) skal følgjande utskrivingsalternativ for eigedomsskatt nyttast for skatteåret 2016: *Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.*

   b) Skattesatsen vert sett til 2 ‰ av omsetnadsverdien for bustader og fritidseigedomar. Skattesatsen vert sett til 4 ‰ av omsetnadsverdien for verk og bruk, annan næringseigedom og ubebygd grunneigedom.

   c) I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a) opnar kommunestyret for fritak av eigedomar som er eigde av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Eigedomar som kvalifiserar for fritak etter bestemmelsen og som er eigde av idrettslag, ungdomslag, bedehuslag og liknande skal ha fritak for eigedomsskatt i Stord kommune. Sakkunnig nemnd legg fram oversyn over kva eigedomar dette kan gjelda. I tillegg kan eigedom tilhøyrande andre stiftingar/organisasjonar bli vurdert fritekne av kommunestyre på grunnlag av søknad.

   Dei eigedomar som tidlegare år er innvilga fritak for eigedomsskatt av kommunestyret i medhald av eigedomsskattelova § 7 (sjå vedlegg 7.12) skal ha fritak for eigedomsskatt også i 2016.

   d) Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar.

   e) Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.

   f) Botnfrådrag vert for 2016 sett til kr 400 000

4. Komunestyret vedtek å ta opp inntil 332 291 000 kr i lån i 2016 som serielån. Låneopptaket er fordelt slik:

   | | |
   |---|---|
   | Startlån til vidare utlån, inntil | kr 30 000 000 |
   | Lån til investering i vatn og avlaup | kr 150 300 000 |
   | Andre lån | kr 151 991 000 |

   Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag.

   Kommunestyret vedtek at låneporteføljen til Stord kommune, og alle lån i porteføljen (sjå vedlegg 7.11) kan refinansierast i inneverande år og i budsjettåret. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.

5. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2016 slik det går fram av eige hefte "Betalingssatsar for Stord kommune" for:

- Kommunale eigedomsavgifter
- Gebyr for regulerings-, byggesaks-, og oppmålingshandtering
- Betalingssatsar for feiing og tilsyn

6. Kommunestyret fastset slike førebels tilskotssatsar for 2016 til private barnehagar i Stord kommune:

Ordinære barnehagar:

| | |
|---|---|
| Små born/full plass | kr 181 637 |
| Store born/full plass | kr 80 033 |

Satsar for familiebarnehagar og refusjon kapitalkostnader skal vera tilsvarande retningsgjevande satsar frå departementet.

7. Stord kommune vil i 2016 busetta 42 flyktningar. Familiesameiningar kjem i tillegg.

8. Det vert for 2016 fordelt driftstilskot/-støtte til kultur- og idrettsorganisasjonar m.m. slik:

| | |
|---|---|
| Sunnhordland museum | kr 610 000 |
| Friluftsrådet vest | kr 310 000 |
| Stord idrettspark AS | kr 800 000 |
| Frivilligsentralen | kr 378 000 |
| Stord sogelag | kr 10 000 |
| Sunnhordland kammerorkester | kr 25 000 |
| Falturiltu barnebokfestival | kr 100 000 |
| Gards- og ættesoge | kr 75 000 |

Komité for næring, miljø og kultur får fullmakt til å disponera løyving på kr 250 000 til kulturføremål.

Stord kommune løyver følgjande tilskot over 2016-budsjettet i til samarbeidstiltak og næringsføremål:

| | |
|---|---|
| Hordaland olje og gass, driftstilskot | kr 50 000 |
| Haukelivegen AS, driftstilskot | kr 37 500 |
| Samarbeidsrådet for Sunnhordland | kr 568 800 |
| Samarbeidsrådet, reiselivssatsinga | kr 227 400 |
| Medlemskontingent Stord næringsråd | kr 30 000 |
| Atheno AS, Maritim industriinkubator | kr 150 000 |
| Atheno AS, Ungt entreprenørskap | kr 65 000 |
| Liv og lyst Litlabø | kr 30 000 |
| Kjøp av førstelinetenester for næringsetabl. | kr 150 000 |

Komité for næring, miljø og kultur får i tillegg fullmakt til å disponera løyving på kr 100 000 til næringsføremål.

9. Kommunestyret vedtek budsjettframlegget frå Stord vatn og avlaup KF slik det ligg føre.

10. Kommunestyret vedtek budsjett for Stord kommunale eigedom KF slik det går fram av rådmannen sine kommentarar til budsjettet, avsnitt 5.6.1.

## PS 33/15 ÅRSBUDSJETT 2016, ØKONOMIPLAN 2016- 2019

### Innstilling

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2016-2019 med desse endringane:

   - Dei kommunale føretaka innan eigedom og VA skal leggast ned med verknad frå 1.1.2016. Med unntak av ekstra kostnader knytt til føretaksorganisering føreset kommunestyret at drift- og investeringsbudsjetta vert lagt på nivået i budsjetta til dei respektive føretaka.

   - Kommunestyret ber om at det vert starta opp revidering av klima- og miljøplanen. Samstundes skal det startast arbeid med miljøsertifisering av kommunale einingar.

   - Kommunestyret ber om at det vert sett i gong ein utvikling av strategi i samarbeid med tillitsvalgte, skuleleiing foreldre, elevar og andre for å utvikla ein inkluderande skule, hindra fråfall og minimera dokumentasjon/byråkrati.

   - Kommunestyret ber om at arbeidet med prosjektering av ungdomsskule og fleirbrukshall i Sagvåg vert vidareført. Det skal leggast særskilt vekt på kva funksjonar som kan delast slik at totalkostnad for prosjektet vert mindre. Kommunestyret føreset at Solid vert involvert i arbeidet.

   - Kommunestyret ber om ei orientering om arbeidet som vert gjort for å betre trivsel, oppnå lågare sjukefråver, utvikle tenestane og styrke samarbeidet mellom einingane. Kommunestyret ynskjer i samband med dette  og bidra til å komme fram med tiltak som kan vere bra for den enkelte eining og organisasjonen i heilhet.

   - Kommunestyret ynskjer å halda på dagens tal lærlingar i Stord kommune

   - Kommunestyret ynskjer å vidareføra ordninga med ungdomskontraktar.

   - Kommunestyret ber om at komité for NMK utarbeider eit opplegg for å setja idrettslaga i kommunen betre i stand til å ta eit større ansvar for drift og vedlikehald av næranlegg.

2. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

3. a) I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav a) skal følgjande utskrivingsalternativ for eigedomsskatt nyttast for skatteåret 2016: *Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.*

   b) Skattesatsen vert sett til 2 ‰ av omsetnadsverdien for bustader og fritidseigedomar. Skattesatsen vert sett til 4 ‰ av omsetnadsverdien for verk og bruk, annan næringseigedom og ubebygd grunneigedom.

   c) I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a) opnar kommunestyret for fritak av eigedomar som er eigde av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Eigedomar som kvalifiserar for fritak etter bestemmelsen og som er eigde av idrettslag, ungdomslag, bedehuslag og liknande skal ha fritak for eigedomsskatt i Stord kommune. Sakkunnig nemnd legg fram oversyn over kva eigedomar dette kan gjelda. I tillegg kan eigedom tilhøyrande andre stiftingar/organisasjonar bli vurdert fritekne av kommunestyre på grunnlag av søknad.

   Dei eigedomar som tidlegare år er  innvilga fritak for eigedomsskatt av kommunestyret i medhald av eigedomsskattelova § 7 (sjå vedlegg 7.12) skal ha fritak for eigedomsskatt også i 2016.

   d) Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar.

   e) Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.

f) Botnfrådrag vert for 2016 sett til kr 400 000

4. Komunestyret vedtek å ta opp inntil 332 291 000 kr i lån i 2016 som serielån. Låneopptaket er fordelt slik:

| | |
|---|---|
| Startlån til vidare utlån, inntil | kr 30 000 000 |
| Lån til investering i vatn og avlaup | kr 150 300 000 |
| Andre lån | kr 151 991 000 |

Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag.

Kommunestyret vedtek at låneporteføljen til Stord kommune, og alle lån i porteføljen (sjå vedlegg 7.11) kan refinansierast i inneverande år og i budsjettåret. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.

5. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2016 slik det går fram av eige hefte "Betalingssatsar for Stord kommune" for:

- Kommunale eigedomsavgifter
- Gebyr for regulerings-, byggesaks-, og oppmålingshandtering
- Betalingssatsar for feiing og tilsyn

6. Kommunestyret fastset slike førebels tilskotssatsar for 2016 til private barnehagar i Stord kommune:

Ordinære barnehagar:

| | |
|---|---|
| Små born/full plass | kr 181 637 |
| Store born/full plass | kr 80 033 |

Satsar for familiebarnehagar og refusjon kapitalkostnader skal vera tilsvarande retningsgjevande satsar frå departementet.

7. Stord kommune vil i 2016 busetta 42 flyktningar. Familiesameiningar kjem i tillegg.

8. Det vert for 2016 fordelt driftstilskot/-støtte til kultur- og idrettsorganisasjonar m.m. slik:

| | |
|---|---|
| Sunnhordland museum | kr 610 000 |
| Friluftsrådet vest | kr 310 000 |
| Stord idrettspark AS | kr 800 000 |
| Frivilligsentralen | kr 378 000 |
| Stord sogelag | kr 10 000 |
| Sunnhordland kammerorkester | kr 25 000 |
| Falturiltu barnebokfestival | kr 100 000 |
| Gards- og ættesoge | kr 75 000 |

Komité for næring, miljø og kultur får fullmakt til å disponera løyving på kr 250 000 til kulturføremål.

Stord kommune løyver følgjande tilskot over 2016-budsjettet i til samarbeidstiltak og næringsføremål:

| | |
|---|---|
| Hordaland olje og gass, driftstilskot | kr 50 000 |
| Haukelivegen AS, driftstilskot | kr 37 500 |
| Samarbeidsrådet for Sunnhordland | kr 568 800 |
| Samarbeidsrådet, reiselivssatsinga | kr 227 400 |
| Medlemskontingent Stord næringsråd | kr 30 000 |
| Atheno AS, Maritim industriinkubator | kr 150 000 |
| Atheno AS, Ungt entreprenørskap | kr 65 000 |
| Liv og lyst Litlabø | kr 30 000 |

Kjøp av førstelinetenester for næringsetabl. kr 150 000

Komité for næring, miljø og kultur får i tillegg fullmakt til å disponera løyving på kr 100 000 til næringsføremål.

9. Kommunestyret vedtek budsjettframlegget frå Stord vatn og avlaup KF slik det ligg føre.

10. Kommunestyret vedtek budsjett for Stord kommunale eigedom KF slik det går fram av rådmannen sine kommentarar til budsjettet, avsnitt 5.6.1.

**Handsaming**

Vedteke med 5 mot 3 røyster (H og Frp) Mindretalet røysta for rådmannen sitt framlegg

******

Jakob Bjelland, Sp på vegne av Ap, Sp, KrF og SV kom med framlegg om endringane i pkt. 1.

## Saksprotokoll i Kommunestyret - 26.11.2015

**Vedtak**

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2016-2019 med desse endringane:

   - Kommunestyret vedtek å avvikla dei kommunale føretaka. Rådmannen får fullmakt til å organisera dei tekniske tenestene i kommunen. Omorganiseringa skal skje så snart som råd. Styra i dei kommunale føretaka vert avvikla frå og med 1. januar 2016, administrasjonen i dei kommunale føretaka rapporterer frå den dag til rådmannen. Kommunestyret vedtek å avvikla ordninga med internhusleige frå og med 2016. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføra naudsynte budsjettendringar som følgje av omorganiseringa så langt dei ikkje er i strid med intensjonane i kommunestyret sitt budsjettvedtak. Ny leiarstilling skal finansierast innafor gjeldande budsjettrammer. Det politiske ansvaret for tenesteområdet skal avklarast i samband med revisjon av Politisk reglement og retningsliner.

   - Kommunestyret ber om at det vert starta opp revidering av klima- og miljøplanen. Samstundes skal det startast arbeid med miljøsertifisering av kommunale einingar.

   - Kommunestyret ber om at det vert sett i gong utvikling av ein strategi i samarbeid med tillitsvalte, skuleleiing, foreldre, elevar og andre for å utvikla ein inkluderande skule, hindra fråfall, auka fokus på tidleg innsats, meir fysisk aktivitet og fjerning av «tidstjuvar» i skulen.

   - Kommunestyret ber om at arbeidet med prosjektering av ungdomsskule og fleirbrukshall i Sagvåg vert vidareført. Det skal leggast særskilt vekt på kva funksjonar som kan delast slik at totalkostnad for prosjektet vert mindre. Kommunestyret føreset at IL Solid vert involvert i arbeidet.

   - Kommunestyret ber om ei orientering om arbeidet som vert gjort for å betre trivsel, oppnå lågare sjukefråver, utvikle tenestane og styrke samarbeidet mellom einingane. Kommunestyret ynskjer i samband med dette å bidra til å koma fram med tiltak som kan vere bra for den enkelte eining og organisasjonen i heilskap.

   - Kommunestyret ynskjer å halda på dagens tal lærlingar i Stord kommune, og ber rådmannen i samråd med Opplæringskontoret i HFK vurdera kva fag det er mest trong for.

   - Kommunestyret ynskjer å vidareføra ordninga med ungdomskontraktar, men ber om ei evaluering i løpet av året på effekten av ordninga.

- Kommunestyret ber om at komité for NMK utarbeider eit opplegg for å setja idrettslaga betre i stand til å ta eit større ansvar for drift og vedlikehald av næranlegga, og vidare utvikling av sportsturisme. Stord idrettslag får eit tilskot til dette på kr 200 000 kvart av åra 2016 og 2017. For seinare år skal tilskotet fordelast mellom idrettslaga. Ordninga skal evaluerast i 2017.

- Kommunestyret ber om at det vert tilsett helsesøster i inntil 100% stilling til å ta seg av ekstra arbeid i samband med flyktningsituasjonen. Arbeidet med asylsøkarar skal dekkast innanfor løyving til flyktningtenesta, men stillinga vert føresett vidareført i kommunen etter at flyktningsituasjonen har vorte normalisert.

- Kommunestyret ber om at komité for RHO gjer ei vurdering av førebyggjande helsearbeid blant ungdom og kva tiltak/ekstra stillingar det er mest trong for.

- Kommunestyret styrkar tilskot til frivillige lag og organisasjonar med kr 400 000 og ber komité for NMK om å laga retningsliner og fordela desse midlane.

- Kommunestyret set av inntil kr 50 000 til «Tour des fjords» og ein underskotsgaranti på inntil kr 25 000 til bransjetreffet «100 dagar».

- Kommunestyret vidarefører Stillingsgruppa med ei budsjettert innsparing på kr 1 400 000 i 2016.

- Kommunestyret ber komité for RHO om å vurdera å omdisponera midlar innan budsjettområdet til å styrka ergo- og fysioterapitenestene.

- Kommunestyret legg til grunn at auka løyving til verdibevarande vedlikehald, helsesøster og ungdomskontraktar vert finansiert ved øyremerka tilskot.

- Stord kommune tek initiativ ovafor Sunnhordland Interkommunale Miljøverk for ei drøfting rundt bruken av selskapet sitt miljøfond. Stord kommune sin andel av avkastning av miljøfondet bør kunne nyttast til investering i nye arbeidsplassar med miljøprofil etter gitte føresetnader. Ein må koma attende til kven som skal disponere fondet i eiga sak

| Endring driftsbudsjett | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|
| Rentekompensasjon | 6 000 | 2 000 | 493 000 | 493 000 |
| Lisensar Microsoft | 2 100 000 | 2 100 000 | 2 100 000 | 2 100 000 |
| Naturfagtime | -263 800 | -263 800 | -263 800 | -263 800 |
| Skatteoppkrevjing | 1 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 |
| Skatteoppkrevjing | -2 130 000 | -5 112 000 | -5 112 000 | -5 112 000 |
| Auka tilskot vertskommune | -635 000 | -635 000 | -635 000 | -635 000 |
| Auka lærlingtilskot | -54 000 | -54 000 | -54 000 | -54 000 |
| 3 ekstra lærlingar | 70 472 | 327 238 | 423 573 | |
| Ungdomskontraktar | 120 000 | | | |
| Administrasjonsressurs for idrettslaga | 200 000 | 200 000 | 200 000 | 200 000 |
| Kyrkjeleg fellesråd, gravplass-medarbeidar | 300 000 | 300 000 | 300 000 | 300 000 |
| Helsesøster/førebyggjande helsearbeid | 500 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 |
| Ungdomsrådet auka til 20% stilling | 80 000 | 80 000 | 80 000 | 80 000 |
| Næringsarbeid, Atheno | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 |
| Frivillige lag og organisasjonar | 400 000 | 400 000 | 400 000 | 400 000 |
| Verdibevarande vedlikehald | 1 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 |
| Inga auke i gebyr på landbruksbygg | 50 000 | 50 000 | 50 000 | 50 000 |
| Stillingsgruppa/vakansar | -1 400 000 | -1 400 000 | -1 400 000 | -1 400 000 |
| Arealeffektiviseringsprosjektet, innsparing | | -1 000 000 | -1 000 000 | -1 000 000 |
| Større arrangement, NMK | 75 000 | | | |
| Miljøsertifisering, revidering klima- og miljøplan | 100 000 | | | |
| Øyremerka tilskot helsest, skulehelse, utsleppskutt | -1 620 000 | -2 000 000 | -2 000 000 | -2 000 000 |
| | | | | |
| Endring i høve rådmannen sitt oppr. budsjett | -1 328 | -1 905 562 | -1 318 227 | -1 741 800 |

| Endring investeringsbudsjett | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|
| Lisensar Microsoft | -2 100 000 | -2 100 000 | -2 100 000 | -2 100 000 |
| Nettportal | 500 000 | | | |
| Oppgradering Ephorte | 200 000 | | | |
| Forprosjekt investering Nysæter ungdomsskule/fleirbrukshall. Det ligg inne kr 1,2 mill i 2015 som vert overført. | 910 000 | | | |
| Gruo, Heistårn | 400 000 | | | |
| Sum endringar i høve opprinneleg budsjett | -90 000 | -2 100 000 | -2 100 000 | -2 100 000 |

2. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
3. a) I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav a) skal følgjande utskrivingsalternativ for eigedomsskatt nyttast for skatteåret 2016: *Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.*

   b) Skattesatsen vert sett til 2 ‰ av omsetnadsverdien for bustader og fritidseigedomar. Skattesatsen vert sett til 4 ‰ av omsetnadsverdien for verk og bruk, annan næringseigedom og ubebygd grunneigedom.

   c) I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a) opnar kommunestyret for fritak av eigedomar som er eigde av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Eigedomar som kvalifiserar for fritak etter bestemmelsen og som er eigde av idrettslag, ungdomslag, bedehuslag og liknande skal ha fritak for eigedomsskatt i Stord kommune. Sakkunnig nemnd legg fram oversyn over kva eigedomar dette kan gjelda. I tillegg kan eigedom tilhøyrande

andre stiftingar/organisasjonar bli vurdert fritekne av kommunestyre på grunnlag av søknad.

Dei eigedomar som tidlegare år er innvilga fritak for eigedomsskatt av kommunestyret i medhald av eigedomsskattelova § 7 (sjå vedlegg 7.12) skal ha fritak for eigedomsskatt også i 2016.

d) Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar.

e) Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.

f) Botnfrådrag vert for 2016 sett til kr 400 000

4. Komunestyret vedtek å ta opp inntil 332 291 000 kr i lån i 2016 som serielån. Låneopptaket er fordelt slik:

| | |
|---|---|
| Startlån til vidare utlån, inntil | kr 30 000 000 |
| Lån til investering i vatn og avlaup | kr 150 300 000 |
| Andre lån | kr 151 991 000 |

Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag.

Kommunestyret vedtek at låneporteføljen til Stord kommune, og alle lån i porteføljen (sjå vedlegg 7.11) kan refinansierast i inneverande år og i budsjettåret. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.

5. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2016 slik det går fram av eige hefte "Betalingssatsar for Stord kommune" for:

- Kommunale eigedomsavgifter
- Gebyr for regulerings-, byggesaks-, og oppmålingshandtering
- Betalingssatsar for feiing og tilsyn

6. Kommunestyret fastset slike førebels tilskotssatsar for 2016 til private barnehagar i Stord kommune:

Ordinære barnehagar:

| | |
|---|---|
| Små born/full plass | kr 181 637 |
| Store born/full plass | kr 80 033 |

Satsar for familiebarnehagar og refusjon kapitalkostnader skal vera tilsvarande retningsgjevande satsar frå departementet.

7. Stord kommune vil i 2016 busetta 42 flyktningar. Familiesameiningar kjem i tillegg.

8. Det vert for 2016 fordelt driftstilskot/-støtte til kultur- og idrettsorganisasjonar m.m. slik:

| | |
|---|---|
| Sunnhordland museum | kr 610 000 |
| Friluftsrådet vest | kr 310 000 |
| Stord idrettspark AS | kr 800 000 |
| Frivilligsentralen | kr 378 000 |
| Stord sogelag | kr 10 000 |
| Sunnhordland kammerorkester | kr 25 000 |
| Falturiltu barnebokfestival | kr 100 000 |
| Gards- og ættesoge | kr 75 000 |

Komité for næring, miljø og kultur får fullmakt til å disponera løyving på kr 250 000 til kulturføremål.

Stord kommune løyver følgjande tilskot over 2016-budsjettet i til samarbeidstiltak og næringsføremål:

| | |
|---|---|
| Hordaland olje og gass, driftstilskot | kr 50 000 |

| | |
|---|---|
| Haukelivegen AS, driftstilskot | kr 37 500 |
| Samarbeidsrådet for Sunnhordland | kr 568 800 |
| Samarbeidsrådet, reiselivssatsinga | kr 227 400 |
| Medlemskontingent Stord næringsråd | kr 30 000 |
| Atheno AS, Maritim industriinkubator | kr 150 000 |
| Atheno AS, Ungt entreprenørskap | kr 65 000 |
| Liv og lyst Litlabø | kr 30 000 |
| Kjøp av førstelinetenester for næringsetabl. | kr 150 000 |

Komité for næring, miljø og kultur får i tillegg fullmakt til å disponera løyving på kr 100 000 til næringsføremål.

9. Kommunestyret vedtek budsjettframlegget frå Stord vatn og avlaup KF slik det ligg føre.

10. Kommunestyret vedtek budsjett for Stord kommunale eigedom KF slik det går fram av rådmannen sine kommentarar til budsjettet, avsnitt 5.6.1.

**Oversendingsframlegg, vedtekne**

Til Komité for næring, miljø og kultur (NMK)

– Stord kommune ber rådmannen gå i dialog med Atheno as for å selje seg ned i selskapet, evt selje aksjar til andre kommunar. Salssum (fondet) skal nyttast til investering i grøn teknologi/arbeidsplassar etter kriterier som vert definert i eiga sak. Atheno AS vert sett til å administrere fondet.

- EIN MEIR AKTIV BRUK AV LAG OG ORGANISASJONAR
  organisasjonar betre rammevilkår. Det viktigaste her er å gi born og unge eit enda betre og breiare tilbod i oppvekstmiljøet, der det er lagt hovudvekt på mangfaldet innan kultur, idrett og annan ideell verksemd. Ein mulig måte å gjera dette på er å gi lag og organisasjonar eit rammetilskot der ein premierer dei økonomisk ved å utføre tenester til born, unge og andre dette skulle falle seg naturlig. Hovudpoeng med dette forslaget er at man kan få lag og organisasjonar til å gi enda betre kommunalt oppvekst tilbod til barn og unge.
  - Etablera eit tilbod om fysisk fostring som er basert på mangfald og eit variert tilbod, der ein for eksempel er innom mange forskjellige aktivitetar/idrettar.
  - Etablera eit tilbod om eit basert på mangfaldet innan kultur og annan ideell verksemd
  - Opna for at lag og organisasjonar kan driva SFO.

- FLEIRBRUKSHALL I SAGVÅG
  Kommunestyre vil be rådmannen leggja fram ei sak som går på organisering og tilrettelegging for bygging av fleirbrukshall i Sagvåg snarast råd.
  Stord kommune setter ned eit utval beståande av politikarar, administrasjon og representantar frå Solid, som har som hovudmål å få realisert ein fleirbrukshall i Sagvåg snarast råd.
  Gjerne etter same prinsipp som utbygginga av Nordbygda idrettshall, der prosessen gjorde at man fekk realisert prosjektet så raskt som mulig og etter behovet for brukarane. Reknar med at denne "Nordbygdo" prosessen er evaluert og at ein har konkludert med at dette var ein bra måte å gjera det på både frå kommunen si sida, og ikkje minst for idrettslaget i Nordbygdo.

- OMORGANISERING AV KULTUR OG IDRETT
  Kommunestyre vil be rådmann leggja fram ei sak der man ser på moglegheitene for at man kan slå i saman kultur og idrett til ei eining. Etter det me kjenner til var dei ei gruppa beståande av politikarar og representantar frå dei ansatte som jobba med dette for ca 4 år sidan, men konklusjonen til gruppa blei aldri gjort noko med.
  Stord Kommune bør slå saman kultur og idrett til ei eining, og gjerne etablera ein Kultur og Idrettssjef. Dette er svært viktig med tanke på kva ressursar som kommune har på disse områda. Ein har lag og organisasjonar innan idrett og kultur som er heilt i Norgestoppen, det vil derfor væra svært fornuftig å bruke disse ressursane på ein best mogeleg måte til beste for innbyggjarane i kommunen.

Til Komité for oppvekst og utdanning (OUT)

– Kommunestyret ynskjer å gje fritak for overnattingsbetaling på skular i høve turneringar for barn og unge. Vilkår er at dette ikkje medfører direkte kostnadar for eininga.

– Stord kommune må ha sterk fokus på mobbing. Rådmannen får i oppdrag å definere ansvaret for eit «mobbeombud» som skal ha som hovudformål å sørge for at mobbing og trakassering på alle nivå og i alle ledd blir følgt opp. Dette arbeidet skal forankrast i den administrative leiinga.

– OFFENTLIG TOALETT I LEIRVIK SENTRUM
  Kommunestyre vil at rådmannen legger fram ein sak der ein ser på molgiheitane for å kunne etablera eit offentlig toalett i Leirvik sentrum.Me vil påpeika at dette nødvendigvis ikkje er noko kommunen sjølv skal drifta, og at ein her kan inngå avtale med aktørar som med enkle grep kan etablera eit offentlig toalett i sine lokaler. I andre byar me kjenner til blir dette finansiert via den lokale "sentrumsforreninga" og med avgift.

  Det er mange argument for ei slik etablering, me vil påpeika :
  - At reisande har ein plass dei kan nytte eit sånt tilbod uavhengig av om kafear og liknande har ope.
  - At folk som er ute og benyttar seg av dei ulike restaurant tilboda i Leirvik, har ein plass å "ta turen" mens dei for eksempel ventar i drosjekø, hamburgerkø m.m.

Til Komité for rehabilitering, helse og omsorg (RHO)

– Kommunestyret ber om at det i samband med rullering av klima og miljøplan vert utarbeida ein strategi for energiøkonomisering, med sikte på å redusera kommunens energiforbruk og –behov

- HELSESTASJON / LEGESENTER I SAGVÅG
  Kommunestyre vil be rådmann leggja fram ei sak der man ser på mogligheitene for at det etablerast ein helsestasjon / legesenter i Sagvåg. Etter at legesenteret i Sagvåg blei lagt ned har me opplevd at svært mange som bur i Sagvåg har uttrykt seg svært negativt om at det ikkje finst eit legesenter i bygda. Legesenteret som var i Sagvåg var eit populært og kjærkomme tilbod for innbyggjarane i denne bydelen, og spesielt for dei eldre i Sagvåg.

Til rådmannen

- EIGEDOMSSKATT
  Kommunestyre vil be rådmannen leggja fram ei sak som gjer at eigedomsskaten i kommunen får ein meir rettferdig fordeling.
  Her bør ein ta omsyn til minstepensjonistar, uføretrygda m.m.
  Ein bør og gå igjennom dagens modell og sjå meir kritisk på kven som "slepper" å betale eigedomsskatt. At ein her bruker ein 50 % stilling det neste året, trur me kan væra ein god investering.

Til arbeidsgruppa nedsett i FSK PS 38/15

- ENDTING I KOMITESTRUKTUREN
  Kommunestyre vil be rådmann leggja fram ei sak der man der man ser på mogligheitene for at man overfører alle næringspolitikk frå Næring, Miljø og Kultur komiteen til formannskapet.
  Kommunestyret ber vidare rådmann vurdere å leggje ned Utsmykkingsfondet, og at fondets oppgåver blir ivaretatt av Næring, Miljø og Kultur komiteen.
  Kommunestyret ber rådmann innstilla på nytt komité namn på komité Næring Miljø og Kultur komiteen, til komité Miljø og Kultur.

  Med bakgrunn i næringsverksemda i Sunnhordlandsregionen så ser kommunestyret det som svært viktig at næringspolitikken løftas opp til Formannskapet og at kommunen inntar ein meir offensiv rolle i sin næringspolitikk for kommunen.
  Kommunestyre vil og foreslå å leggja ned Utsmykkingsfondet, og at NMK overtar oppgåvene som Utsmykkingsfondet har i dag. Dette for å styrkja NMK komiteen sine politiske oppgåver, og ikkje minst at kommunen sparar ressursar ved å leggja ned eit kommunalt organ. Me trur at NMK er det organ i kommunen som er best skikka til å foreta dei rette vedtak som skal til for å utsmykka kommunen vår på ein best mulig måte for innbyggjarane.

Vidare vil det væra naturlig at komiteen får nytt namn, og at dette blir Miljø og Kultur.

**Handsaming**

| | |
|---|---|
| Pkt 1 | Vedteke med 23mot 11 røyster (H, Frp og V) Mindretalet røysta for eige framlegg. |
| Samla budsjett | Vedteke med 23mot 11 røyster (H, Frp og V) |

Oversendingsframlegg

| | |
|---|---|
| Strekpunkt 1-9 og 11 | Samrøystes vedteke |
| Strekpunkt 10 | Vedteke med 23 mot 11 røyster (H, Frp og V) |

******

Ap, Sp, KrF og SV kom med framlegg til endringane i pkt 1, slik det ligg føre i vedtaket. Siste strekpunkt er likelydane med kulepunkt 3 i framlegget til H, Frp og V.

Oversendingsframlegg
H, Frp, V, Ap, SV, Sp og Krf kom med framlegg til strekpunkt 1, 5,6 og 8.

Thor Gunnar Bjelland, Stordlisto kom med framlegg til strekpunkt 2-4, 7, 9-11.

******

**LOVLEGHEITSKONTROLL**

Høgre, Venstre og Framstegspartiet vil krevje lovlegheitskontroll i samsvar med kommunelova sin § 59 av vedtak i sak PS 63/15 Årsbudsjett – økonomiplan 2016 – 2019 om tilbakeføring av dei kommunale føretaka til Stord kommune sin basisorganisasjon.

Grunngjeving:
Vedtaket er ikkje i samsvar med Hovudavtalen sin § 3.1 Arbeidsgjevar sine pliktar – informasjonsplikt ovafor tillitsvalde
Hovudavtalen sin § 1.4.1. – informasjon og drøftingsplikt ovafor tillitsvalde.
Mangel på informasjon i AMU jf. Arbeidsmiljølova sin § 7. 2 punkt 2.

Manglande saksutgreiing som er eit brot på forvaltningsmessig prinsipp som stiller krav til forsvarleg sakshandsaming.

Stord Høgre ved Liv Kari Eskeland, Stord Venstre ved Geir Angeltveit og Framstegspartiet ved Sigbjørn Framnes sette fram kravet om lovlegheitskontroll.

******

**PROTOKOLLTILFØRSEL:**

Basert på vedtak som eit fleirtal i kommunestyret no har gjort i høve til å overføra KF over til basisorganisasjonen ynskjer H, Frp og V å fremja følgjande protokolltilførsel:

Alle bustader vert overført til stord Eigedom AS, medan føremålsbygg vert del av basisorganisasjonen sin portefølje:

*******

**Fellesframlegg frå Høgre, Frp og Venstre**

Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2016-2019 med desse endringane:

- Endringar i driftsbudsjett (sjå rekneark)
- Endringar i investeringsbudsjett (sjå rekneark)

- Stord kommune tek initiativ ovafor Sunnhordland Interkommunale Miljøverk for ei drøfting rundt bruken av selskapet sitt miljøfond. Stord kommune sin andel av avkastning av miljøfondet bør kunne nyttast til investering i nye arbeidsplassar med miljøprofil etter gitte føresetnader. Ein må koma attende til kven som skal disponere fondet i eiga sak.

- Stord kommune ber rådmannen gå i dialog med Atheno as for å selje seg ned i selskapet, evt selje aksjar til andre kommunar. Salssum (fondet) skal nyttast til investering i grøn teknologi/arbeidsplassar etter kriterier som vert definert i eiga sak. Atheno AS vert sett til å administrere fondet.

- Kommunestyret vil styrke administrasjonsressursen i Stord skulen. Midlane skal nyttast slik at det fører til betre fagleg utvikling av skulane ved at rektor og øvrig pedagogisk personale kan ha større fokus på skulefagleg utvikling. Ordninga skal i første omgang gjelda to av skulane, og kommunestyret ber om at effekten vert dokumentert/evaluert

- Kommunestyret ber om at det for alle investeringar av nye system eller anlegg skal visa forventa verknad på drifta.

- Kommunestyret ber om at komiteen får gå gjennom investeringsnivå i Moro før ombygging blir effektuert med siktemål å redusere kostnader.

- Kommunestyret ber om at ny barnehage i Sagvåg vert bygd i privat regi med same krav og kriterier som om barnehagen var i kommunal regi.

- Kommunestyret ynskjer å gje fritak for overnattingsbetaling på skular i høve turneringar for barn og unge. Vilkår er at dette ikkje medfører direkte kostnadar for eininga.

- Stord kommunestyre ber om at arbeidet med ungdomskontraktar/ruskontraktar vert vidareført

- Stord kommune må ha sterk fokus på mobbing. Rådmannen får i oppdrag å definere ansvaret for eit «mobbeombud» som skal ha som hovudformål å sørge for at mobbing og trakassering på alle nivå og i alle ledd blir følgt opp. Dette arbeidet skal forankrast i den administrative leiinga.

- Kommunestyret ber om at klima- og miljøplanen til kommunen vert prioritert i planarbeidet for 2016 og vert framlagt til handsaming for kommunestyret innan hausten 2016.

- Kommunestyret ber om at det i samband med rullering av klima og miljøplan vert utarbeida ein strategi for energiøkonomisering, med sikte på å redusera kommunens energiforbruk og –behov

- Kommunestyret ber om at det snarast vert fremma sak om innføring av aktivitetsplikt for aktivt arbeidssøkjande sosialstønadsmottakarar hjå NAV Stord. Der mottakarar får tildelt gjeremål i kommunal regi, som t.d. vedlikehald av grøntareal og gravlundar. NAV Stord må verta tildelt skjønn, og aktivitetsplikta skal ikkje erstatte tilbod som t.d. Kirkens Bymisjons iJobb.

- Kommunestyret ynskjer å følgja oppmodinga frå næringslivet om å ta inn 1 lærling per 1000 innbyggjarar i kommunen, og aukar talet lærlingar til 19.

- Kommunestyret vil vurdere rammene til kontrollutvalet basert på plan for selskapskontroll og plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret ber om at dette vert drøfta i første budsjettrevisjon.

- Stord kommune vil prioritere realisering av fleirbrukshallen i Sagvåg, og ser det som naturleg at dette vert eit fellesprosjekt med rehabilitering av Nysæter Ungdomsskule. Prioritering av fleirbrukshall vert gjort ved å sette av midlar til prosjektering i 2016, og bygging av 2017 med ferdiggjering i 2018. Endeleg omfang vert å ta stilling til i sak første kvartal 2016

- Stord kommune set av midlar til ferdiggjering av heistårnet i Gruveområdet.

- Investering i Led – lys vert framskunda med 1 million kroner i 2016 og 2017, og ein vel å halde på investeringane også i 2018 og 2019.

- Stord kommune sel rackethallen til Hordaland Fylkeskommune, og ber administrasjonen forhandle fram ein avtale som vert å leggja fram for kommunestyret.

**Endringar til driftsbudsjett**

| Post | Tekst | 2016<br>Meirutgift/mindre inntekt | 2016<br>Meir inntekt/ mindre utgift | kommentar |
|---|---|---|---|---|
| | | | | |
| Notat 06.11 | Endringar frå rådmannen sitt budsjettnotat av 06.11.15 | | 426 800 | |
| RHO området | | | | |
| | SOFT: Førebyggjande tenester, psykologstillingar 2 stk. | 800 000 | | Årseffekt 1 000 000 |
| | Ergoterapeut, 50% stilling? (utsette behov for inst pl) | 300 000 | | Årseffekt 350 000 |
| | Fysioterapi | 400 000 | | Driftstilskot |
| | I jobb - auke i timesats | 100 000 | | Auke i timesatsen for tilsette/ brukarar |
| | Hamna kontaktsenter | 300000 | | For å oppretthalde dagens teneste |
| | Velferdsteknologiprosjektet | | 500 000 | Effektar av å innføre velferdsteknologi |
| | Eldresenter | 400 000 | | |
| | Lærlingar (frå 15-19) | 94 000 | | auke frå 15 - 19 i tråd med NHO sine anbefalingar 1 per 1000 innbyggjarar |
| | Ungdomskontraktar | 200 000 | | |
| NMK området | Auka av vedlikehald/ feiing/ kantklypp gang og sykkelvegar | 100 000 | | |
| | Kulturplan | 150 000 | | |
| | Prisregulering til Idrettsparken 2,9% | 30 000 | | |
| | 100 Dagar | 25 000 | | |
| | Utdanningsmessa | 18 757 | | |
| | Auke til lag og organisasjonar | 250 000 | | |
| | Styrking av kjøp av førstelineteneste | 350 000 | | |
| **OOU området** | | | | |
| | Administrasjonsressurs skule | 1 000 000 | | Fordelast mellom barneskule og ungdomsskule og lage eit pilotprosjekt |
| | Styrking av PPT | | | Som del av psykologauke |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Generelt** | Formannskap/komiter på nett | 3 000 | | |
| | Auke i politiske kostnader | 50 000 | | Vedteke i konstituerande kommunestyre |
| | Lean arbeid - effekter | | 1 000 000 | |
| | Opprettholde stillingsgruppa | | 1 500 000 | |
| | Klima og Miljøplan | | 200 000 | Midler til utarbeiding av plan og gjennomføring |
| | Effektar av IKT satsing | | 500 000 | RBO/SFO/dataverkty |
| | Redusert/auke i låneopptak | | 97000 | Frå mindre investeringar |
| | Effekt av samlokalisering | | 800 000 | (legesener Myro, Heimebaserte tenester) |
| **Sum** | | 4 570 757 | 5 023 800 | |
| **Sum** | Auke/reduksjon i driftsinntekter | | 453 043 | setjast av til formannskapet sitt rådvelde |
| | | | | |
| | | 4 570 757 | 453 043 | |

| **Endringar til budsjett - investering** | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Tekst | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | Note |
| Rådmannen sitt framlegg | 32695 | 30900 | 35400 | 31900 | 26350 | 26350 | 26350 | 26350 | |
| SKE KF sitt framlegg | 228000 | 240400 | 60400 | 67000 | 55400 | 73300 | 15100 | 11300 | |
| Sum Rådmann/SKE KF | 260695 | 271300 | 95800 | 98900 | 81750 | 99650 | 41450 | 37650 | |
| Redusert låneopptak jf notat rådmann 06.11.15 | -1400 | -2100 | -2100 | -2100 | -2100 | | | | |
| Prosjektering barnehage Sagvåg | | -1000 | | | | | | | |
| Grunnlagsdokument barnehage Sagvåg | | 500 | | | | | | | |
| Ny barnehage Sagvåg bydel | | | -30000 | | | | | | |
| Ombygging i Myro | -500 | | | | | | | | |
| Hall i Sagvåg | 1000 | 30000 | 10000 | | | | | | |
| Redusert arealbehov Nysæter ungdomsskule | | | | | -10000 | | | | |
| Tak til heistårnet | 400 | | | | | | | | |
| Rackethallen | | -13000 | | | | | | | |
| Lendingsplass Fyrøya | -650 | | | | | | | | |
| Ledlys | 1000 | 1000 | 1000 | 1000 | | | | | |
| Formannskap på nett | 200 | | | | | | | | |
| Sal av eigedom | -2000 | -2000 | -1000 | -1000 | | | | | |
| **Sum** | **-1950** | **13400** | **-22100** | **-2100** | **-12100** | | | | |
| Auke/reduksjon i driftsbudsjett | **-97,5** | **670** | **-1105** | **0** | **-500** | | | | |

Framlegget fekk 11 røyster (H, Frp og V)

Formannskapet si budsjettinnstilling til nr 1 som fall:

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2016-2019 med desse endringane:

- Dei kommunale føretaka innan eigedom og VA skal leggast ned med verknad frå 1.1.2016. Med unntak av ekstra kostnader knytt til føretaksorganisering føreset kommunestyret at drift- og investeringsbudsjetta vert lagt på nivået i budsjetta til dei respektive føretaka.
- Kommunestyret ber om at det vert starta opp revidering av klima- og miljøplanen. Samstundes skal det startast arbeid med miljøsertifisering av kommunale einingar.
- Kommunestyret ber om at det vert sett i gong ein utvikling av strategi i samarbeid med tillitsvalgte, skuleleiing foreldre, elevar og andre for å utvikla ein inkluderande skule, hindra fråfall og minimera dokumentasjon/byråkrati.
- Kommunestyret ber om at arbeidet med prosjektering av ungdomsskule og fleirbrukshall i Sagvåg vert vidareført. Det skal leggast særskilt vekt på kva funksjonar som kan delast slik at totalkostnad for prosjektet vert mindre. Kommunestyret føreset at Solid vert involvert i arbeidet.
- Kommunestyret ber om ei orientering om arbeidet som vert gjort for å betre trivsel, oppnå lågare sjukefråver, utvikle tenestane og styrke samarbeidet mellom einingane. Kommunestyret ynskjer i samband med dette og bidra til å komme fram med tiltak som kan vere bra for den enkelte eining og organisasjonen i heilhet.
- Kommunestyret ynskjer å halda på dagens tal lærlingar i Stord kommune
- Kommunestyret ynskjer å vidareføra ordninga med ungdomskontraktar.
- Kommunestyret ber om at komité for NMK utarbeider eit opplegg for å setja idrettslaga i kommunen betre i stand til å ta eit større ansvar for drift og vedlikehald av næranlegg.

**Rådmannen**, 27.10.2015

## Dokumentliste

| | | | |
|---|---|---|---|
| N | 25.09.2015 | Hege Etterlid | Uttale til budsjettrevisjon 2. tertial 2015 for SKE KF |
| S | 27.10.2015 | | Årsbudsjett 2016, økonomiplan 2016- 2019 |
| X | 14.04.2015 | | Investeringsbudsjett 2016 |
| I | 12.05.2015 | Kommunal- og moderniseringsdepartementet | Kommuneproposisjonen 2016 |
| I | 19.05.2015 | Fylkesmannen i Hordaland | Revidert nasjonalbudsjett 2015 og kommuneopplegget for 2016 |
| I | 03.06.2015 | Kommunal- og moderniseringsdepartementet | Rundskriv H-9/15 - Beregningsforutsetninger for pensjonskostnadene regnskapsåret |
| I | 22.06.2015 | Fylkesmannen i Hordaland | Ordinært skjønstilskot for 2016 |
| X | 26.06.2015 | | Budsjettrundskriv 2016 |
| I | 03.07.2015 | Kommunal- og moderniseringsdepartementet | Kommuneproposisjonen 2016 og Revidert nasjonalbudsjett 2015 |
| U | 06.07.2015 | Fylkesmannen i Hordaland | Ordinært skjønstilskot for 2016 |
| I | 26.08.2015 | Kommunal- og moderniseringsdepartementet v Rydland Lars Tore | Kriteriedata til inntektssystemet for kommunene 2016 - Befolkningstall per 1.7 |
| I | 26.08.2015 | Telemarksforskning | Leveranse av KOSTRA- og effektivitetsanalyse 2014 + demografikostnadsberegninger 2015-2019 |
| I | 01.09.2015 | Utdanningsforbundet Stord v HTV Marit Himle Pedersen | Innspel ril budsjettkonferansen i høve budsjett 2016 Stord kommune |
| I | 01.09.2015 | KLP | Att. Økonomi – Premiesatser KLP 2016 |
| I | 02.09.2015 | Katrin Innvær Ankervold, Ap | Innspel i budsjettprosessen |
| I | 16.09.2015 | KLP | Budsjett for 2016 tilgjengelig på KLP kundeside |
| I | 24.09.2015 | Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet | Partsbrev PS 36/15 - Budsjettforslag 2016 for kontroll og tilsynsarbeidet i Stord kommune. |
| I | 14.09.2015 | Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS | VS: Budsjett 2016 - økonomiplan 2016-2019 |
| I | 07.10.2015 | Fylkesmannen i Hordaland | Oversyn over hovudpunkta for Statsbudsjettet 2016 - kommuneopplegget |
| I | 15.10.2015 | Stord Kyrkjelege fellesråd | Framlegg til driftsbudsjett Stord kyrkjelege fellesråd |
| I | 15.10.2015 | Stord Kyrkjelege fellesråd | Innspel til investeringbudsjett |
| I | 06.10.2015 | KS | KS - kontingent 2016 |
| X | 26.10.2015 | | Rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan 2016-2019 |

## Vedlegg

Budsjett 2016, økonomiplan 2016-2019

## Innleiing (bakgrunn for saka)

Rådmannen sitt budsjettforslag og økonomiplan 2016-2019 vart presentert i kommunestyret 26.10.15 og sendt ut elektronisk i forkant. Formannskapet skal etter kommunelova §45 nr.3 og i samsvar med Stord kommune sitt økonomireglement legge sitt budsjettforslag ut til offentleg ettersyn i 14 dagar.